



Norges Vassdrags- Og Energidirektorat (nve) Region Sør
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Att:

Dykkar ref..
Ref 200901883-60

Vår ref.
15/1153-10/24/622

Arkivkode:
K2-K54

Dato:
15.01.2024

UTTALE - HØYRING AV SØKNAD OM FORLENGA BYGGEFRIST FOR OVERFØRING DALADALEN - LYNGSVATN I SANDNES OG HJELMELAND KOMMUNE

Me viser til høringsbrev datert 14.11.2023. Hjelmeland kommune viser elles til uttale frå Villreinnemnda i Setesdalsområdet, og støttar innhaldet i denne uttalen.

Daladalen ligg i Sandnes kommune, og den planlagde overføringa har ikkje påverknad på forhold i Hjelmeland kommune utover at Lyngsvatnet, som får tilført vatn, også ligg i Hjelmeland kommune. Me kan ikkje sjå at det i tida som er gått frå konsesjonen blei gitt, har skjedd endringar som påverkar konsekvensane av den planlagde overføringa for forhold i Hjelmeland kommune, eller som elles er relevant for kommunen.

På generelt grunnlag peikar ein på at den planlagde overføringa vil føra til inngrep i område med inngrepsfri natur.

Vidare at Lyse Produksjon AS sitt prosjekt får konsekvensar for andre vasskraftprosjekt med konsesjon i Daladalen. Av omsyn til desse prosjekta ville det truleg vore tenleg med ei snarleg avklaring på om den planlagde overføringa blir gjennomført.

Hjelmeland kommunen har elles ingen merknadar til søknaden om utsett byggefrist.

Med helsing
Plan og forvaltning

Torborg Kleppa
rådgjevar næring og landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

